

# Fagfornyelsen – innspelsrunde skisser til læreplanar i mat og helse

## Status

Innsend til Utdanningsdirektoratet.

Innsendt og stadfesta av instansen via e-post

## Innsend av

Ruth Aga

## Innsend dato

14. november 2018

## På vegner av

Hvorfor det?

## Målgruppe

Bedrift (Privat) - Lærebedrift

## Stilling

Leder

- ✓ Eg stadfestar at fråsegna er på vegner av heile oppgitte bedrift.

# 1. Om faget

## 1.1. Relevansen til faget

Faget mat og helse handlar om å forstå korleis helsefremjande og berekraftige val verkar på individet og samfunnet. Å lage mat og måltid kan hjelpe elevane til å meistre eigne liv og eigen kvardag. Slik aktivitet kan stimulere til skaparglede og innovasjon. Kunnskap om matmarknad og berekraft vil føre til auka forståing rundt globale utfordringar som klimaendringar, økonomisk vekst, velferd og felles ressursar. Helseperspektivet i faget kan fremje god folkehelse og samfunnsøkonomi, og fokus på variasjonar i matvanar og måltidsskikkar kan styrke verdsetjinga av kulturelt mangfold i samfunnet.

## 1.2. Kjerneelement i faget

### Helsefremjande kosthald

Gjennom matlaging og måltid skal elevane få oppleve glede ved å lage og ete mat saman med andre. Elevane skal få forståing for samanhengen mellom ernæring og helse og utvikle kunnskap om trygg og helsefremjande matlaging. Helsestyresmaktene sine kostråd skal ligge til grunn for undervisinga og gje elevane kompetanse til å velje eit variert kosthald.

### Berekraftige matvanar og forbruk

Elevene skal utvikle forståing for at mat er ein avgrensa ressurs i verda. Val og bruk av mat verkar inn på individet, miljøet og samfunnet. For å sikre at alle får tilgang på helsefremjande og trygg mat, skal elevane lære å bli medvitne forbrukarar og leggje vekt på matvanar som tar omsyn til miljø, matsikkerheit og sosial rettferd. Gjennom å planlegge og lage mat skal elevane lære å utnytte råvarer og unngå matsvinn.

### Mat og måltid som identitets- og kulturuttrykk

Mat- og måltidskulturen i alle samfunn er i kontinuerleg endring fordi kulturen vert skapt i møtet mellom individ og grupper. Matrettar og måltidsskikkar er påverka av råvarebruk, tradisjonar og av tilknyting til nasjonal, etnisk, religiøs og sosial gruppe. Matlaging og måltid er identitetsskapande og sosiale arenaar for samhandling, fellesskap og møte mellom matkulturar. Desse arenaane kan opne for forståing, auka interesse og respekt og dermed fremje kulturelt mangfold.

## 1.3. Fagspesifikk tekst om korleis verdigrunnlaget skal gjerast synleg i faget

Matlaging og førebuing av måltidet er knytt til omsorg og trivsel. Måltid og bordfellesskap opnar for å skape relasjonar mellom elevane og har dermed betyding for likeverd og inkludering. Praktisk matlaging vil også stimulere skaparglede og engasjementet hos elevane. Måltid på tvers av kulturell bakgrunn kan bidra til større toleranse for skilnader i religion og livssyn. Kunnskap om normer og verdiar i ulike matkulturar vil fremje interessa for kulturelt mangfold og hjelpe til med å utvikle ein trygg identitet hos elevane. Berekraftperspektivet er sentralt i faget. Det understrekar verdiar som å utvikle det etiske medvitnet til elevane og vilje til å ta vare på miljøet.

## 1.4. Tverrfaglege tema i faget

## **Folkehelse og livsmeistring**

Livsmeistring står sentralt i mat- og helsefaget. Faget legg vekt på å gje elevane kunnskap om helsefremjande matvarer og praktiske ferdigheter til å lage mat i tråd med helsestyresmaktene sine kostråd. Dette bidreg til livsmeistring for den enkelte og til å redusere sosial ulikskap i folkehelsa. Den sosiale og inkluderande funksjonen til måltidet kan styrkje elevane si oppleving av tilknyting, trivsel og sjølvtiltillit.

## **Berekraftig utvikling**

Når elevane utviklar kompetanse til å vurdere matvareval og råvareutnytting som er i tråd med nasjonale kostråd, kan det føre til at elevane går over til ei meir berekraftig åtferd. Berekraft i mat- og helsefaget inneber at både matproduksjonen og matforbruket går føre seg på måtar som ikkje er til skade nasjonalt eller globalt, verken no eller i framtida. Opplæring i bruk av lokale matressursar og råvarer som ligg lågt i næringskjeda, går inn som ledd i dette arbeidet.

## **Demokrati og medborgarskap**

Demokrati og medborgarskap er relevant for mat og helse. Elevane får trening i demokratisk deltaking gjennom praktisk matlaging og kjennskap til ulike matkulturelle tradisjonar. Matlaging og måltid er sosiale arenaar for medverknad og fellesskap som kan fremje elevane sine evner til å forstå og anerkjenne både fleirtalet og mindretalaet sine rettar i eit demokratisk samfunn. Mat er ein viktig innfallsinkel til å reflektere over tema som matmakt, svolt og ulik fordeling av matressursar.

# **2. Grunnleggjande ferdigheter i faget**

## **Digitale ferdigheter**

Digitale dugleikar i mat og helse er å kunne bruke eit variert utval av digitale verktøy, medium og ressursar for å styrkje dei praktiske matlagingsferdighetene, kommunisere fagstoff og tilegne seg relevant kunnskap i faget.

## **Munnlege ferdigheter**

Munnlege ferdigheter er å kunne samtale om kva som påverkar smak og estetikk, forklare andre kva råvarer og metodar som er hensiktsmessige i matlaging og formidle fagleg kompetanse. Samtalar om ulike matkulturar er viktig for å fremje mangfold og for å opne for forståing og medvit. Den uformelle samtalen under måltidet er viktig i eit danningsperspektiv.

## **Å kunne lese**

Å kunne lese i mat og helse er å nytte tekstar i samband med matlaging og kosthaldsplanlegging og til å forstå og tolke fagrelaterte tekstar.

## **Å kunne rekne**

Å kunne rekne i mat og helse er å nytte dei fire rekneartane, brøk, enkle geometriske figurar og/eller forholdsrekning i samband med matlaging og kosthaldsplanlegging. Det inneber også å kunne bruke tal og storleikar som uttrykkjer volum, vekt, mengde, tid og temperatur.

## **Å kunne skrive**

Å kunne skrive i mat og helse er å utforme tekstar og støttemateriell til bruk i matlaging og i samband med måltid, å formidle fagleg kompetanse og å argumentere for eigne og andre sine synspunkt.

## 2.1. Kompetansemål

### Etter 4. årstrinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- lage trygg og helsefremjande mat som fungerer berekraftig
- kjenne att grunnsmakar i matvarer og fortelje om korleis grunnsmakane verkar på matvala våre
- samtale om samanhengar mellom kosthaldet i barneåra og i vaksen alder
- beskrive produksjonsløpet frå råvare til ferdig matvare
- sortere avfall frå matlaging og forklare kvifor det er viktig
- lage samisk mat og fortelje om råvarene som vert nytta
- lage og skildre matrettar frå ulike kulturar
- presentere eit måltid og samtale om verdien ved å ete saman med andre.

### Fagspesifikk omtale av vurdering i fag

Etter 4. årstrinn syner elevane kompetanse når dei lagar mat, fortel om problemstillingar knytt til kosthald, samanhengar mellom råvarer, matvarer og matsvinn. Tilbakemeldingane frå læraren skal vere læringsfremjande og beskrive den breie kompetansen til eleven. Læraren skal leggje vekt på rike oppgåver som opnar for djupnelæringer. Kompetansen til elevane kan avdekkjast gjennom praktiske, munnlege og skriftlege vurderingssituasjonar.

### Etter 7. årstrinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- nytte eigna matlagingsmetodar til å lage trygg og helsefremjande mat som fungerer berekraftig
- kjenne att og skildre smak, lukt og tekstur i matvarer og anvende det i matlaginga for å oppnå eit godt resultat
- forklare korleis matmerking og kostmodellar kan nyttast til å sette saman eit variert kosthald og redusere risikoen for livsstilssjukdomar
- samanlikne og drøfte produktinformasjon og reklame for ulike matvarer
- reflektere over eige matforbruk og nytte sansane til å vurdere kvalitet på matvarer
- utforske tradisjonelle samiske måtar for å konservere og oppbevare mat
- eksperimentere med råvarer og metodar for å lage matrettar frå eigen og andre kulturar og samanlikne dei
- utforske måltidsskikkar i ulike kulturelle samanhengar og diskutere kva slag plass fellesskap og trivsel har

### Fagspesifikk omtale av vurdering i fag

Etter 7. årstrinn syner elevane kompetanse når dei lagar mat, nytta sansane til å vurdere mat, reflekterer rundt problemstillingar knytt til kosthald, forbrukarspørsmål og kulturuttrykk knytt til mat og måltid. Læraren sine

tilbakemeldingar til eleven skal vere læringsfremjande og beskrive eleven sin breie kompetanse. Læraren skal legge vekt på rike oppgåver som opnar for djupnelæringer. Kompetansen til eleven kan avdekkjast gjennom praktiske, munnlege og skriftlege vurderingssituasjoner.

#### **Etter 10. årstrinn**

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje og nytte eigna matlagingsmetodar til å lage trygg og helsefremjande mat som fungerer berekraftig
- utforske korleis smakskombinasjonar kan påverke kvalitet og matvanar
- bruke digitale verktøy til å planleggje og vurdere eige kosthald og kosthaldsinformasjon i media i forhold til kostråda frå helsestyresmaktene
- kritisk vurdere produktinformasjon og reklame og drøfte moglege verknader på individ- og samfunnsnivå
- drøfte korleis matval og matforbruk har verdi for miljø, klima og mattrystgleik.
- utforske og forklare korleis identitet og tilhørsle vert uttrykt og formidla gjennom matrettar og måltid.
- utforske kva smak, tradisjonar og sosiale rammer i måltidsaktivitetar har å seie og drøfte kva dei einskilde faktorane kan innebere for trivsel, likeverd og mangfald

#### **Fagspesifikk omtale av vurdering i fag**

Etter 10. årstrinn syner elevane kompetanse når dei lagar mat, bruker sansane til å vurdere mat, reflekterer rundt problemstillingar knytt til kosthald, forbrukarspørsmål og kulturuttrykk knytt til mat og

måltid. Læraren sine tilbakemeldingar til eleven skal vere læringsfremjande og beskrive eleven sin breie kompetanse. Læraren skal legge vekt på rike oppgåver som opnar for djupnelæringer. Kompetansen til elevane kan avdekkjast gjennom praktiske, munnlege og skriftlege vurderingssituasjoner.

## **3. Vurdering**

### **3.1. Fagspesifikk omtale av vurdering i fag**

Opplæringa og vurderinga i faget skal vere i tråd med den overordna delen av læreplanverket. Læraren skal gjennom vurderingspraksisen sin støtte opp under djupnelæringer, motivasjonen og meistringa til eleven.

Kompetansemåla er grunnlaget for vurdering i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av formålsparagrafen i opplæringslova, overordna del og teksten «Om faget».

Elevane skal medverke i eiga læring. Dei skal få høve til å vise kompetansen sin på ulike måtar, reflektere over læringa og delta aktivt i vurderinga av eige arbeid. Læraren skal støtte og rettleie elevane slik at dei kan setje seg mål og vurdere si eiga utvikling.

Undervegsvurderinga i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessene, gi grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven får auka kompetanse i faget. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktcharakteren i fag skal fastsetjast.

I standpunktvurderinga skal læraren vurdere den samla kompetansen i faget. Vurderingsgrunnlaget skal ta omsyn til breidda i kompetansemåla i læreplanen. Eleven skal vere kjend med kva det blir lagt vekt på når

standpunktakarakteren blir sett

### 3.2. Sluttvurdering

Vi tilrår ein praktisk-munnleg eksamen. Dette vert grunngjeve med endringa frå KD. Vi trur det vil auke omdømet til faget og gje meir fokus på at lærarane må ha formell fagleg kompetanse. Elevar som har høg kompetanse i praktisk-estetiske fag vil få høve til å syne kompetansen sin i ein eksamenssituasjon. Det vil også vere med på å likestille faga.

**Dette er ei tidleg skisse til læreplanen. Læreplanen skal ha ein god samanheng og vise tydeleg retning for elevens kompetanse i faget.**

Synest du læreplanskissa generelt gir ei tydeleg retning for det elevane skal lære i faget?

Nei

Kommentar

Mat og helse er nå et fag som ofte undervises på 9. trinn i ungdomsskolen. Min erfaring med denne aldersgruppen er at svært mange elever og særlig jenter sliter med kroppsbygning og følelse av å ikke være bra nok. Veldig mange utvikler spiseforstyrrelser i denne alderen og man må regne med at svært mange elever kommer til mat-og-helse-timene med ønske om vektredusjon og kalorikontroll. Spiseforstyrrelser er en svært alvorlig psykisk lidelse med høyt lidelsestrykk og betydelig dødelighet blant ungdommer.

Faget er svært viktig for å styrke kostholdets plass i folkehelse og livsmestring mtp. psykiske lidelser og ikke bare kostholdsrelaterte sykdommer som diabetes og hjerte-kar-sykdommer. Da er det viktig at ikke bare kalorikontroll vektlegges i folkehelseperspektiv, men at man også søker å gi gode måltidsopplevelser og at man ikke gjennom undervisningen/vurderingen svekker elevenes selvbilde.

Mine forslag til læreplanen er

- a) Lærerveiledninger bør understreke sårbarheten for å trigge ulike spiseforstyrrelser hos elever i dette faget. Lærere trenger økt kunnskap om årsaker til spiseforstyrrelser, hvordan det arter seg og følsomhet for hva som trigger skadelige tankemønstre.
- b) Økt fokus på gode måltidsopplevelser og presentere ulike matvarer som hører naturlig med i et balansert kosthold. Mer fokus på andre sider ved mat enn kalorier som f eks smak, konsistens, hvordan varierte tilberedelser og sammensetninger gir ulike muligheter. Dette åpner for matglede, kreativitet og fellesskap.
- c) Redusere fokus på kaloritelling både i matinnhold og særlig kobling til hvor mye aktivitet man må gjøre for å forbruke et antall kalorier.
- d) Vurderingspraksis skaper særlig stress rundt det å "ikke føle seg bra nok" og kobles da direkte til mat og kosthold. Det er svært ugunstig. Jeg foreslår at karakterer fjernes og at skjematiske vurderinger med gradert måloppnåelse bør unngås. I stedet bør man gi mer konkrete tilbakemeldinger til den enkelte som styrker elevenes mestringsfølelse og selvbilde.

Mange skoler bruker nå i ungdomsskolen meget omfattende innleveringsoppgaver i mat- og helse som skaper betydelig belastning i elevenes hverdag. Prosjektoppgaver bør være rimelige i omfang. Faget er en god mulighet for tverrfaglige prosjekter f. eks. sammen med norsk, naturfag, samfunnsvitenskap og kroppsøving. Prosjektene bør imidlertid ikke bli så store at det blir unødig stressende og det endelige resultatet bør være et produkt som styrker fellesskap og matglede.

Sluttvurderingen i faget bør være godkjent/ikke godkjent. En avsluttende muntlig/praktisk prøve er en god mulighet for nettopp dette, og at de få som ikke godkjennes får en ny mulighet til å vise fram sine ferdigheter.

**Læreplanane skal gjere barn og unge i stand til å møte og finne løysingar på utfordringar i notid og framtid. Elevane skal utvikle relevant kompetanse og gode verdiar og haldningar som er viktige for den enkelte og samfunnet. I læreplanane skal det mellom anna leggast vekt på teknologi.**

Synest du læreplanane er fornøya og tilstrekkeleg framtidsretta?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Læreplanane beskriv kompetansen elevane skal utvikle i faget, og dei fastsette kjerneelementa i faget beskriv det mest sentrale elevane skal lære.**

Synest du kompetansemåla uttrykkjer det viktigaste elevene skal lære i faget på ein tydeleg måte?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Læreplanane skal styre innhaldet i opplæringa og skal også gi lærarane handlingsrom til å tilpasse og vidareutvikle opplæringa. Lærarane skal kunne tilpasse opplæringa til ulike elevgrupper.**

Synest du læreplanskissa gir ein god balanse mellom styring av innhald, og fagleg og metodisk handlingsrom for skolane og lærarane?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Læreplanverket skal ha god samanheng, og vi skal sikre eit verdiløft i skolen. Det betyr at det skal vere ein samanheng frå verdigrunnlaget i formålsparagrafen og verdiane og prinsippa i overordna del, til læreplanane for kvart fag.**

Synest du verdigrunnlaget er ivaretatt i læreplanskissa?

**X Nei**

Kommentar

Se over.

**Fagfornyinga skal bidra til eit verdiløft.**

Synest du det er gjort nok greie for samiske verdiar i læreplanskissa?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Dei tverrfaglege temaa folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling skal inngå i faga der det er relevant. Dei blir omtala i Om faget og integrerte i kompetansemåla.**

Synest du dei tverrfaglege temaa er godt ivaretatt i faget?

**✗ Nei**

Kommentar

Se over.

Faget er meget viktig for å styrke elevenes psykiske helse og livsmeistring. I lys av rapporter om økt psykisk stress hos unge, er dette fagets innhold og vurderingspraksis særleg viktig å ta tak i.

**Omfanget i læreplanen skal vere realistisk, sett i forhold til timetalet i faget. Læreplanane skal gi gode rammer for djupnelæring i fag.**

Synest du læreplanskissa viser eit realistisk omfang i faget og at læreplanen legg til rette for djupnelæring?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Læreplanen skal vere eit godt arbeidsverktøy for lærarar.**

Synest du språket i læreplanskissa er klart og forståeleg?

**✓ Ja**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Læreplanen skal ha ei fagspesifikk omtale av vurdering som skal utviklast for ulike hovudtrinn og gi støtte til undervegs- og sluttvurdering. Denne teksten er i ein tidleg prosess, og her ønsker vi innspele på kva som kan vere relevant å ha med i læreplanen.**

Kva er det viktig å sikre i ei fagspesifikk omtale av vurdering i læreplanen utan å avgrense handlingsrommet til læraren?

Kommentar

Se over.

Svært viktig at alle elever opplever mestring i dette faget. Foreslår fjerning av karakterer og at sluttvurderingen blir godkjent/ikke godkjent. De veldig som står i fare for å få ikke godkjent gjennom manglende deltagelse, må få mulighet til å løfte seg.

**Grunnleggjande ferdigheter skal videreførast og videreutviklast. Det skal bli tydelegare kva for fag som har ansvar for ulike delar av ferdighetene.**

Synest du grunnleggjande ferdigheter er godt ivaretatt i læreplanskissa?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Læreplanane skal vise ein god progresjon for læringsløpet til elevane**

Synest du læreplanskissa viser ein tydeleg progresjon i faget?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Alle elevar skal ha kunnskap om Noregs urfolk samar, samisk historie, språk, kultur, rettigheter og samfunnsliv.**

Synest du samisk innhald er ivaretatt i læreplanskissa?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Mat og helse vil i LK20 vere eit fag med likt timetal som gjeldande mat og helsefag.**

Opplever du læreplanen som meir praktisk enn gjeldande læreplan?

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Opplever du teksten om grunnleggjande ferdigheiter som nyttig?**

**Veit ikkje**

*Ingen kommentar frå instansen*

**Opplever du teksten om vurdering som nyttig?**

**✗ Nei**

Kommentar

Den er utilstrekkelig.

Jeg anbefaler å unngå karakterer og graderte tilbakemeldinger for å unngå at elever ikke føler seg bra nok i dette fagområdet. Dette er et fag hvor opplevelse av mestring er særlig viktig, og vurderingen bør synliggjøre hva elevene har oppnådd.

**Er kompetansemåla målbare (undervegsvurdering og sluttvurdering)?**

*Ikkje svart*